



## MEDLEMSBREV NR. 2 – 2013

Kjære medlem,

Årsmøtet 2013 nærmar seg. Datoen er **laurdag 15. juni kl. 1100 på Vika velferdssenter.**

Møteinnkalling med dagsorden blir sendt ut og publisert på nettsida vår i mai.

**NETTSIDA** vår

<http://www.olavslettoselskapet.no/> er alltid oppdatert, men sidan ikkje alle medlemmene våre har denne tilgangen, tek me ein kort gjennomgang her denne gongen også.

**Illustrert BARNEBOK om Per i 2013:**

Anne Mari Gjerstad Gretteberg arbeider vidare med dei 22 illustrasjonane, og vil vere ferdig 1. juni.

2013 er Språkåret, og det er 50 år sidan Olav Sletto døydde. Det markerer Olav Sletto-selskapet, som mange no vil ha fått med seg, dette med å gi ut ei illustrert barnebok basert på utdrag frå bok nr. 3 i PER-serien, ”Per Stavlang”. Vi lanserer boka i slutten av oktober. Dette blir årets julegave for både liten og stor! Tid og stad blir publisert seinare.

**OLAV SLETTO i Sverige**

Ragnar Ytrehus i Alf Larsens Litterære Stiftelse har vore i Sverige på studietur og besøkt Vilhelm Ekelunds heim i Skåne. Ekelund (f. 1880) var ein stor svensk poet og forfattar. Han var rekna som ein av dei fremste representantane for ein humanistisk

kulturtradisjon i si tid. Han var eit menneske som Olav Sletto kjende seg åndeleg i slekt med. Dette går fram av eit brev frå Sletto til Ekelund, 13. september 1922, der Sletto ber sin svenske forfattarkollega audmjukt – på riksmål - om å melde boka Stefanus, som kom på svensk dette året. I Norge vart boka utgjeven i 1921. Om Ekelund gjorde det, veit ikkje vi, men kanskje nokon av våre medlemmer kan meir om dette?

Arne Skogheim seier det er fyrste gongen han har lese Sletto på ”kav dansk”. Men vi kjenner til at Sletto i alle fall ved eitt tidlegare høve nytta riksmål, og det var då han takka mor si for gaver ho sende etter eit besøk hjå sonen sin i Sørumsand (Eva B. Sletto i brev til Osvald Medhus, datert 21.7.2000).

**Øyrehagen Sunde kjem til Hol 3. oktober**

Diverre måtte foredraget i februar med **prof. Jørn Øyrehagen Sunde** om den rettshistoriske utviklinga for “uekte” ungar avlyst grunna sjukdom. **NY DATO: 3. oktober på Vika velferdssenter**

**Medlemskontingenten 2013**

er kr. 100 og kan framleis innbetalast til kontonr. 2333 22 62998. Hugs å skrive namn og e-adresse i meldingsfeltet.

**SLETTO-MATERIALET I BYGDE-ARKIVET.**

Me minner om at du finn katalogen over Sletto-materialet i Hol Bygdearkiv på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)

**Velkomen til årsmøtet 15. juni 2013!**

-----  
Dette medlemsbrevet blir sendt som skjermbrev til dei medlemmene vi har e-postadressa til. Til dei som får brevet i posten, men som har e-postadresse:

Send melding til [bmsletto@yahoo.no](mailto:bmsletto@yahoo.no). så sparer vi mykje porto ved neste utsending.